



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kristin Bach Skaset, 5557 2277

Vår dato
10.03.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/1865 363.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skjønsmidlar til prosjekt om busetting av flyktningar i Hordaland

Fylkesmannen inviterer kommunane i Hordaland til å søke skjønstilskot til prosjekt om busetting av flyktningar. Det ordinære skjønstilskotet er ein del av rammetilskotet til kommunane som Fylkesmannen fordelar.

Bakgrunn for satsinga

På oppdrag frå Barne-, likestillings- og integreringsdepartementet (BLD) skal Fylkesmannen i Hordaland i 2015 og 2016 leie eit prosjekt som har mål om auka og raskare busetting av flyktningar i fylket. Det er på oppdrag frå Barne-, likestillings- og integreringsdepartementet (BLD). Fylkesmannen skal bidra til at kommunane i Hordaland stiller nok busettingsplassar til disposisjon for å busette det talet flyktningar som det er trond for. Fylkesmannen skal også bidra til utviklingsarbeid i kommunane for å styrke innsatsen når det gjeld kvalifisering og integrering.

Føremål med skjønnsmidlane

Retningslinene for skjønstilskot for 2015 er i stor grad forenkla samanlikna med tidlegare år for at føremålet med skjønsmidlane skal kome klårt fram. Det vil seie å fange opp lokale økonomiske utfordingar som ikkje er tatt godt nok i vare i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar. Departementet ynskjer at Fylkesmennene skal kunne prioritere skjønsmidlane i samsvar med lokale tilhøve og behov i kommunane, også til behov som oppstår i løpet av budsjettåret.

Kommunar må i søknader om prosjekt syne til ein realistisk prosjektplan. Det må bli vist til klåre målsetjingar med prosjektet og val av løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

Det vil ikkje bli gitt tilskot til kommunenes ordinære drift, slik som drift av kvalifiseringssenter, flyktningkontor eller vaksenopplæring. Tilskotet skal ikkje nyttast til investeringar eller innkjøp som inngår i ordinær drift.

Prioriterte prosjekt

Eit viktig føremål med skjønstilskot til prosjekt om busetting av flyktningar er å gi kommunane høve til å prøve ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatte alle tenesteområda i kommunen.

Prosjekt som retter seg mot følgjande tiltak/mål vil bli prioritert:

- utviklingsarbeid i kommunane som kan auke talet busettingsplassar og styrke innsatsen når det gjeld busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar
- styrke innsatsen når det gjeld busetting og integrering av einslege mindreårige flyktningar.

Satsingsområda er formulerte generelt for at kommunane skal ha fridom for å kunne søke ut i frå lokale behov.

Statens hus

Kaigaten 9, 5020 Bergen
Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 28 51

Utdanningsavdelinga
Postboks 7310, 5020 Bergen
Org.nr: 974760665

E-post:
postmottak@fmho.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/hordaland

Kommunal forankring og ansvar

Prosjektsøknaden må vere forankra i politisk og administrativ leiing i kommunen. Søknaden må vere signert av rådmann og/eller ordfører.

Det er ein føresetnad at kommunane deltek med ein eigeninnsats. Dette er lagt til grunn i retningslinene frå departementet. Eigeninnsatsen frå kommunen kan vere både midlar og arbeidsinnsats. Som hovudregel skal ikkje skjønsmidlane frå Fylkesmannen utgjere meir enn 50 prosent av kostnadane til prosjektet.

Kommunane må sende ein sluttrapport etter at prosjektet er ferdigstilt. Det vil bli lagt ut ein mal for rapportering på heimesida til Fylkesmannen.

Søknadsfrist

Søknad om prosjektmidlar må vere Fylkesmannen i hende innan 19.06.2015.

Elektronisk søknadsskjema ligg på Fylkesmannen sine heimesider. Kommunane må nytte dette skjemaet.

Kontaktpersonar

Kontaktpersonar for Fylkesmannen sitt busettingsprosjekt er Kristin Bach Skaset (fmhokbs@fylkesmannen.no) og Marianne Svege (fmhomsv@fylkesmannen.no).

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.